

Brandal friskulelag  
6062 Brandal

Brandal, 15.01.2015

Kunnskapsdepartementet  
Postboks 8119 Dep.  
0032 OSLO

## **HØYRINGSFRÅSEGN**

### **”Forslag om endringer i privatskoleloven (ny friskolelov)”**

Vi viser til høyringsnotat og høyringsbrev frå Kunnskapsdepartementet (KD), datert 17.10.2014.

Brandal friskulelag driv Brandal friskule og har som høyringsinstans fått tilsendt høyringsnotatet.

Det er fyrst og fremst eitt punkt vi har merka oss og vil kommentere:

#### **10.5 Minste elevtall (§ 2-2 tredje ledd)**

I framlegget til ny Friskulelov ynskjer departementet å auke minstekravet for elevtall ved friskular. På side 62 under punkt 10.5.2 i høyringsnotatet skriv departementet mellom anna:

*“Noen vil hevde at god skolevirksomhet forutsetter et visst minimum av læringsfelleskap, at et visst antall elever er en nødvendig forutsetning for å skape et godt faglig miljø for både elever og lærere og at dette til sammen er nødvendig for å anse en opplæring som pedagogisk forsvarlig. Det hevdes også av noen at statens administrative ressurser blir bedre utnyttet med et visst elevtall. Bortsett fra at hver elev koster penger vurderes det ikke som vesentlig dyrere å administrere et stort enn et lite elevtall.”*

Vidare kan ein lese på side 63 under punkt 10.5.3:

*”Opplæring i tråd med regelverket innebærer at skolen blant annet skal hjelpe elevene til å utvikle sosial kompetanse, følelse av tilhørighet og felleskap. Realisering av disse målene forutsetter at elevene får opplæring i sosial- og læringsfelleskap. Dette krever at skolen har en viss størrelse. Høyere elevtall vil nødvendigvis gjøre flere lærere, noe som vil kunne bidra til å gi bedre felleskap - faglig og ellers - også på*

*lærersiden. Dette vil i sin tur kunne styrke læringsmiljøet og gi økt læringsutbytte for elevene. Det vil videre stimulere til drift av skoler med godt rekrutteringsgrunnlag og større økonomisk bærekraft.*

*Erfaring fra tilsyn viser dessuten at små skoler kan ha store utfordringer knyttet til å gi elever slik tilpasset opplæring eller spesialundervisning som den enkelte eleven har krav på. I slike tilfeller vil skolens størrelse kunne ha negative konsekvenser for en elevs læringsutbytte.*

*På bakgrunn av ovennevnte vil departementet foreslå at elevtallsgrensen fordobles til 30. Det foreslåtte kravet til minste elevtall vil gjelde også ved godkjenning av nye skoler, både grunnskoler og videregående skoler.”*

Ingen av disse påstandane om at store skular er betre enn små skular, prøver departementet å dokumentere. Det går heller ikkje fram av høyringsnotatet nokon argumentasjon for korleis ein kjem fram til talet 30. Då gjeldande elevtalsgrense på 15 elevar vart innført i 2007, vart det heller ikkje presentert argumentasjon for kvifor 15 var det rette talet.

Realiteten om kvalitet i skulen er nemleg noko anna enn det som vert sitert her. All forskning viser at små skular både pedagogisk og sosialt er minst på høgde, og gjerne betre enn store skular.

Vi forventar at den lovgjevande forsamlinga vår fattar vedtak som er tufta på forskingsbasert kunnskap og ikkje kva “noen” hevdar.

Ein kan slå fast at der ikkje er fagleg argumentasjon for å praktisere nedre elevtalsgrense. Vi vil minne om at heilt fram til 2007 var der inga slik grense i lovverket for privatskular. Fyrst det året vart gjeldande grense på 15 elevar innført – utan fagleg argumentasjon for talet.

I den offentlege skulen har det aldri eksistert nedre elevtalsgrense. Og vi vil nemne at så lenge staten hadde styringa av grunnskulen gjennom øyremerka midlar (fram til 1986), gav staten automatisk stønad til alle offentlege skular med minimum 6 elevar.

Heving av den nedre elevtalsgrensa fører til at små skular i små lokalmiljø går ei endå meir usikker framtid i møte. Alle skjønar at skular i små miljø vil ha varierende elevtal grunna naturlege svingingar i storleiken på barnetala. Med tanke på at skulane i små bygder er svært viktige for framtida til desse samfunna, er framlegget frå departementet både øydeleggjande og diskriminerande.

Å ha hengande over seg ei lovbestemt grense for elevtal, vil verte oppfatta som overformynderi, og vil fungere som ei ekstra belastning for dei små skulane. Det er også eit overraskande åtak på det private initiativet som privatskular representerer.

## **KONKLUSJON:**

- Der eksisterer ikkje fagleg argumentasjon for ei nedre elevtalsgrense.
- Historisk sett har styresmaktene sine faglege vurderingar vore – både i offentlege og private skular - at ein ikkje har elevtalsgrense.
- Framlegget vil skape unødige problem og mangel på tryggleik for privatskular i grisgrendte stork.
- Framlegget er diskriminerande mot små bygdesamfunn med låge barnetal
- Framlegget er eit åtak på det private initiativ.

**På denne bakgrunnen meiner Brandal friskulelag at minste elevtalsgrense bør fjernast.**

Med helsing  
For Brandal friskulelag  
Bernt Brandal, nestleiar